



Riksantikvaren sin fredingsgjennomgang



Foto: Schimmer@Riksantikvaren

I 2006 starta Riksantikvaren eit prosjekt for å betre vilkåra for eigarane av freda eigedomar. Prosjektet er omtala i stortingsmeldinga "Leve med kulturminner". Gjennomføringa skjer i nært samarbeid med den regionale kulturminneforvaltinga.

I stortingsmeldinga "Leve med kulturminner" står det:

"For å sikre forutsigbare og klare rammer for hvordan eierne kan bruke sin egen eiendom, og for å gi kulturminneforvaltningen et godt beslutningsgrunnlag, vil de eksisterende vedtaksfredningene bli gjennomgått. Siktemålet er blant annet å klargjøre omfanget av og innholdet i fredningsvedtakene, og styrke mulighetene for vern gjennom bruk. Det bør utarbeides forvaltnings- og skjøtelsesplaner der dette er hensiktsmessig. Arbeidet vil bli organisert som et eget prosjekt. Kulturminneforvaltningen skal ha ansvaret for å gjennomføre prosjektet i dialog med eierne."

"Det vil (...) bli gjennomført et prosjekt i regi av Riksantikvaren for å slutføre de påbegynte fredningssakene i løpet av en femårsperiode."

► MÅL

Målet er at styresmaktene i løpet av fem år skal ha:

- gjennomgått alle fredingane som vart vedtekne før kulturminnelova trådte i kraft i 1978, gjort greie for konsekvensane av fredingane og gjeve eigarane klare rammer.

► BAKGRUNN

Dei siste åra har det vore fokusert på situasjonen til eigarane av freda bygningar og anlegg. Både eigarane og forvaltinga ser behovet for å gjennomgå heile den freda bygningsmassen og spesielt dei eldste fredingane. Grunnen er at enkelte av dei gamle fredingane kan vere uklare, både når det gjeld omfang og føremål og kva for handlefri- dom fredinga fører med seg for eigarane.

Prosjektet skal:

- klargjere føremålet med, innhaldet i og omfanget av fredinga
- gjere greie for konsekvensane av fredinga, gje eigarane klare rammer og utarbeide forvaltningsplanar om nødvendig
- syte for god dokumentasjon av alle bygningane og anlegga
- vidareføre og betre kommunikasjonen med eigarane
- styrke fredinga gjennom forsvarleg bruk av eigedomen
- auke kunnskapen om anlegga
- få fram eit betre grunnlag for å ta avgjerder i framtida

► KVEN ER MED?

Riksantikvaren er ansvarleg for prosjektet og samarbeider med fylkeskommunen i gjennomføringa. Prosjektet starta i juni 2006 og skal vare i fem år. Det første året er eit forsøksår, der Riksantikvaren samarbeider med Aust- og Vest-Agder fylkeskommunar. Dei neste fire åra skal Riksantikvaren samarbeide med nye fylkeskommunar kvart år, slik at ein i 2011 skal ha vore over heile landet.

Har du generelle spørsmål til prosjektet, kan du kontakte Riksantikvaren. Har du meir konkrete spørsmål som gjeld forholda i fylket ditt eller eigedomen din, kan du ta kontakt med fylkeskommunen. Du vil også finne informasjon om prosjektet på internettsidene til Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no). Her finn du og informasjon spesielt for eigarar av freda bygg og anlegg, under fana "Råd og veiledning". Du kan også sende e-post direkte til prosjektet: fredning@ra.no.

► RESULTAT

Når gjennomgangen av alle fredingane i eitt fylke er ferdig, vil eigarane få eit "presiseringsdokument" – for eigedomen sin. Dokumentet vil presisere omfanget av, føremålet med og innhaldet i fredinga. Her vil dei også finne ei bygningshistorisk samanfatning, illustrert med bilete og eventuelt teikningar av bygningen eller anlegget.

► KORT HISTORIKK

Målet med fredingsarbeidet er å sikre eit representativt utval kulturminne i eit langsiktig perspektiv, som kjelde til kunnskap og opplevingar for nolevande og kommande generasjonar.

Dei første fredingane av bygningar og anlegg i Noreg vart vedtekne med heimel i bygningsfredningslova. I starten var det Kyrkjedepartementet som fatta vedtak om freding, etter innstilling frå Den antikvariske bygningsnemnda. Riksantikvaren var sekretariat for nemnda fram til 1978. Miljøverndepartementet var vedtaksorgan frå departementet vart oppretta i 1972 og til Riksantikvaren vart eige direktorat i 1988. Då overtok Riksantikvaren som vedtaksorgan. I 1979 vart bygningsfredningslova erstatta av kulturminnelova.

I starten på 1920-talet var det å ta vare på tømmerarkitekturen på landsbygda viktig, som eit ledd i nasjonsbygginga. Dei fleste bygningane og anlegga som vart freda på 1920-talet, representerte bygdekulturen og bonden sine bygningstypar og tunformar, særleg i innlandet – Gudbrandsdalen og Telemark. Desse fredingane utgjør framleis ein

Foto: Gullik Kollandsrud@Riksantikvaren



Foto: Riksantikvaren



Foto: Arve Kjerfveim@Riksantikvaren





Foto: Ingrid Djuvredal@Riksantikvaren

viktig del av fredingslista. Ein rekkje handels- og gjestegjevarstader langs kysten vart også freda i denne perioden, i tillegg til bygningar og anlegg knytte til borgar- og embetsmannskulturen.

Fredingsvedtaka var på denne tida svært knappe, og informasjonen til eigarane nokså sparsam. Dei meir enn 600 lokalitetane som vart freda på 1920-talet, utgjer brorparten av dei fredingane som prosjektet skal gjennomgå.

Fram mot våre dagar syner fredingslista ei større spreining i utvalet av kulturminne som er freda. Fredingsarbeidet skal i framtida ha fokus på manglande og underrepresenterte kategoriar kulturminne, slik at lista over fredingane i større grad kan dokumentere breidda og mangfaldet ved kulturarven vår.

► FAKTA OM FREDINGAR

Prosjektet skal gjennomgå alle fredingane som vart vedtekne i perioden 1923 - 1979. På landsbasis dreier det seg om i alt 917 lokalitetar med ca 1900 enkeltminne. Det totale talet på fredingar er i dag rundt 1800 lokalitetar. Tala er henta frå Riksantikvaren sin kulturminnebase "Askeladden".

"Lov um bygningsfreding" trådde i kraft 1. januar 1921, etter det tok det to år før dei fyrste fredingane vart vedtekne. I 1923 vart det i alt freda 429 lokalitetar, fordelte på 17 fylke. Oppland var det fylket som alt i starten skilde seg ut med mange fredingar, 74 lokalitetar det første året, dernest kjem Buskerud med 63, Telemark med 62 og Sogn og Fjordane med 34. Også utover på 1920-talet vart det freda mange anlegg, 622 lokalitetar om ein ser heile tiåret under eitt.

1920-talet med sine 622 lokalitetar er framleis det tiåret med flest fredingar, følgd av 1990-talet med 352 og 1980-talet med 91 lokalitetar.



Foto: Riksantikvaren



Foto: Arve Kjærshelm@Riksantikvaren



Foto: Even Gaukstad@Riksantikvaren



Foto: Jiri Havran@Riksantikvaren

Telemark er det fylket som har flest freda lokalitetar, 144 i talet, tett følgd av Oppland med 138. På den andre sida er Oppland det fylket som har flest enkeltminne per lokalitet, ca 4,5 i snitt. Telemark har berre mellom eitt og to. Den typiske freda lokaliteten har eitt til to enkeltminne, men det finst ein lokalitet som har 30 freda enkeltminne.




Foto: Jiri Havran@Riksantikvaren



Foto: G. Johannessen@Riksantikvaren

DMT Kommunikasjon AS www.dmt.no 02/07



Dronningensgt. 13
 Postboks 8196 Dep. 0034 Oslo
 Tlf. 22 94 04 00 • Fax: 22 94 04 04
<http://www.ra.no>